

Alle elevane innom Fjellhaugen denne veka

09.03.2009



Dei 13 tredjeklassingane klare for den første skituren i Fjellhaugen mandag føremiddag saman med lærarane Svein Sunde og Hilde Bringedal og foreldre-representant Jorunn G. Myklebust. Elevane er Mats Løland Eik, Anine Enes, Hanne Tungesvik Hauge, Veslemøy Haugland, Hans Magnus Sæle Kårstad, Ronya Lakselv, Hilde Legland, Joakim Ljosnes Myklebust, Merethe Myklebust, Torstein T. Myklebust, Ann Helen Rød, Adrian Storøy og Jakob Soltveit Taranger. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Alle sju klassane ved skulen i Uskedalen vil vera å finna i Fjellhaugen denne veka, men 1. og 2. klasse med 17 og 13 elevar skal berre på dagstur dit tysdag og torsdag og i motsetnad til dei andre 65 ikkje overnatta**



[Rektor Vidar Haugland – må opphalda seg på Røde Kors-hytta heile veka. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Vinteroppahaldet vart innleia med 13 tredjeklassingar mandag morgon og det var ikke lenge før alle boltra seg på ski sjølv om veret var heller barskt denne dagen.

Tysdag kjem 5. og 6. klasse, onsdag er det 7. klasse sin tur og 4. klasse rundar av med opphald frå torsdag til fredag. Røde Kors-hytta er ein triveleg base.

- Hensikten med å satsa på eit slikt prosjekt, som vi prøver å få til kvar tredje vinter, er både at elevane skal koma seg ut i naturen, at dei skal bli flinkare på ski og at klassemiljøet skal bli betre, seier rektor Vidar Haugland til uskedalen.no. Overnattingstrening er også eit viktig stikkord.

Så vidt han kjenner til er det berre Uskedalen-skulen av barneskulane i kommunen som satsar på eit slikt vinteropplegg. Men nettopp Uskedalen har lange tradisjonar i så måte – heilt frå den gongen dei nytta SKL-hytta..

Skulen leigde Røde Kors-hytta også for tre år sidan. Men planleggjringa av opphaldet denne vinteren har vore spesiell på grunn av ekstra streng handheving av brannføresegne for hytta, noko rektor, lærarar og foreldre sjølvsagt stiller seg positive til.

Det betyr mellom anna at tre voksne skal liggja i hytta saman med rektor kvar natt. Og at Haugland oppheld seg på hytta samanhengande heile veka er eit krav.

- Vi er den einaste skulen som får lov til å nytte hytta denne vinteren før det skjer nokre vesentlege, permanente utbetringer med sikte på branngryggleiken, fortel rektor, som også måtte mælda seg inn i Røde Kors før opphaldet.

Men Haugland er imponert over standarden på hytta, som har ein overnattingskapasitet på 18 personar. No har også tørkerommet kome på plass.

Leigeprisen på 5.000 kroner blir dekt over skulen sitt budsjett og det same blir dei 2.000 som det kostar å ha barnetrekket i gang heile veka og 1.500 kroner til bussleige. Matutgiftene blir dekt av klassekassene..

Rektor Haugland er ellers imponert over brøyteinnsatsen til Olav Gunnar Hjelmeland og hjelparar både fram til Fjellhaugen og rundt i anlegget..

Av Ola Matti Mathisen.

